



Professur Dag Helland er førelear på neste møte i Senioruniversitetet (Arkivfoto).

Torsdag 9. januar kjem Dag E. Helland til Kulturhuset på Husnes og Kvinnherad Senioruniversitet. Her vil han ta føre seg Spedalskhet - Historiske, kulturelle og medisinske aspekt ved denne sjukdomen. Spedalskhet, eller lepra som sjukdomen vert kalla, har vore ei plage for mennesket i meir enn 10 000 år. Den skuldast infeksjon av bakterien *Mycobacterium leprae*.

Denne vart oppdaga av Armauer Hansen i 1873, og var den første bakterien som vart vist å gi kroniske sjukdomar. I føredraget vil nokre viktige historiske, kulturelle og medisinske aspekt bli framheva. Det er naturleg at rolla til legar i Bergen vil bli vist i kampen mot denne sjukdomen. Vestlandet hadde spesielt mange leprapasientar.

Frå 1948 kunne sjukdomen bli behandla av eit nyoppdaga antibiotikum og pasientar med lepra kunne bli heilt frisk. I mange år har det blitt jobba internasjonalt med å fjerna sjukdomen, men framleis er det kring 200 000 som vert oppdaga kvart år for å ha denne sjukdomen, dette trass i at medisinen er heilt gratis i alle land.

Helland har jobba med genforskning frå 1970 og har studert ulike aspekt kring eigenskapane til gen. Han var i ein periode tilsett som forskar i Kreftforeninga for å studera korleis gen vart skada, m.a. av ultrafiolett lys og av oksidative reaksjonar og korleis desse skadane vert reparert.

Frå midten av 1980-talet vart han professor i bioteknologi ved Universitetet i Bergen. Han har hatt tre lengre opphald i USA, m.a. ved Harvard-universitetet i Boston og Columbia-universitetet i New York. Han har jobba med ulike biomedisinske problemstillingar som virusforskning, AIDS-forskning, tuberkuloseforskning og vaksineforskning.

Frå 2016 vart han pensjonist, men held framleis på med undervising og forskning når han ikkje driv med hagearbeid og fiske i Uskedalen.

Som vanleg er på møta i Senioruniversitetet, vert det servering og tid til ein god prat. Møta er ope for alle som er interesserte.

Tekst: Pressemelding
Foto/nett: Kristian Bringedal